

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 13/2007

Møtedato: 14.3.07

Arkiv nr:

Jaktprøve

Norsk Irsksetterklubb søker om å få arrangere jaktprøve den 24 -26. august. Klubben har i tillegg til dei vanlege områda søkt om to område ved Bjødnhøvd.

Vedtak:

1. Prøvedato: 24 -26.august 2007.
2. Areal: Grønsenn nord, Grønsenn sør, Flyin og Gomostølen. Prøve ved Bjødnhøvd blir ikkje godkjent.
3. Slepp: Kun 2 hundar lause på same tid. Det skal ikkje sleppast hundar i nærleiken av bufe.
4. Retur: Deltakarane skal følgje partiet under prøva. Dersom ein representant frå klubben følgjer dei tidlege utslegne deltakarane tilbake til parkeringsplassen, er det tillate at ei gruppe kan forlate partiet. Retur langs veg blir rekna på lik line med retur i terrenget.
5. Rapport: Klubben pliktar straks å rapportere til dyreeigar/dyrevernsnemnda og fjelloppsyn/politi alle tilfelle der det kan vera mistanke om at beitedyr er jaga. Klubben pliktar å sende inn vedlagt rapportskjema til fjellstyret fyrst måndag etter prøva.
6. Varsling: Klubben pliktar å varsle dyrevernsnemnda om når og kvar det blir arrangert jaktprøve.
7. Pris: Kr 80 pr startande hund - betalast inn til bankgiro 2153 07 04561 innan 1 månad frå prøvedato.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.3.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: NISK v/JanErik Svandal, Søndre Morstadgutua 31, 2750 Gran
Dyvernsnemnda i Øvre Valdres v/Leif Homme, 2967 Lomen